



DET KONGELEGE
OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENT

Bergen og Hordaland Turlag
Tverrgt. 4/6
5017 BERGEN

Dykkar ref

Vår ref

Dato

18/109-

19.12.2018

Tokheimselva kraftverk i Odda kommune - klagesak

Bergen og Hordaland Turlag klagar 19.1.2018 på Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) sitt løyve av 15.12.2017 til bygging av Tokheimselva kraftverk.

NVE har vurdert klagen utan å finne grunnlag for å gjere om sitt vedtak, og har sendt saka til departementet i brev av 29.6.2018.

1. Bakgrunn

Småkraft AS søkte 8.12.2016 om løyve til bygging av Tokheimselva kraftverk.

Tokheimselva kraftverk vil nytte eit samla fall på 535/500 m i Tokheimselva. Øvre kraftstasjon vil ha inntak på kote 540 og utløp på kote 135. Nedre kraftstasjon vil ha inntak på kote 135 og utløp på kote 40 eller 5. Småkraft AS har føreslått slepp av minstevassføring på 50 l/s i perioden 1.5 til 30.6, 275 l/s i perioden 1.7. til 30.9 og 15 l/s resten av året. Kraftverket vil med det ha ein årleg produksjon på om lag 26,5 GWh.

NVE handsama Tokheimselva kraftverk saman med søknader om løyve til bygging av småkraftverka Øvre Seljestadelva og Nedre Seljestadelva. NVE har gitt løyve til Nedre Seljestadelva kraftverk, mens Øvre Seljestaselva kraftverk blei avslått. Det er klaga på løyvet til Nedre Seljestaselva kraftverk, og saken er til handsaming i departementet.

NVE har kunngjort søknaden om Tokheimselva kraftverk og har sendt den på høyring til lokale myndigheiter og interesseorganisasjonar. **Odda kommune** er etter ei totalvurdering negativ til utbygging av Tokheimselva kraftverk. Kommunen meiner at nivået på minstevassføringa må bli vurdert på nytt ved eit ev. løyve. **Fylkesmannen i Hordaland** rår frå at det blir gitt løyve til Tokheimselva kraftverk. Fylkesmannen legg vekt på negative konsekvensar for landskap, friluftsliv, turisme og opplevingsverdi. **Hordaland fylkeskommune** er negativ til ei utbygging av omsyn til landskap, friluftsliv og reiseliv. **Folgefonna nasjonalparkstyre** er

Postadresse
Postboks 8148 Dep
0033 Oslo
postmottak@oed.dep.no

Kontoradresse
Akersgata 59
oed.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
977 161 630

Avdeling
Energi- og
vannressursavdelinga

Saksbehandlar
Vegard Hotvedt
Strømsvåg
22 24 62 53

positive til tiltaket og syner til at det er føreslått ei rekke avbøtande tiltak for å dempe konfliktane med turvegen. **Bergen og Hordaland Turlag** meiner at det ikkje bør bli gitt løyve til Tokheimselva kraftverk. Turlaget legg vekt på omsynet til friluftsliv, reiseliv, landskap med meir. **Naturvernforbundet i Hordaland** og **Forum for Natur og Friluftsliv i Hordaland** er av omsyn til landskap, friluftsliv m.m. imot at det blir gitt løyve til Tokheimselva kraftverk.

2. NVE sitt vedtak

NVE gir følgjande oppsummering i vedtak av 15.12.2017:

"...

Tokheimselva kraftverk vil produsere 26,5 GWh/år og ha en utbyggingskostnad 2,98 kr/kWh (2017). Energikostnaden over levetiden (LCOE) er beregnet til 0,27 kr/kWh (usikkerhet i spennet 0,23-0,31). Utbyggingskostnaden for prosjektene ligger rundt lavere enn gjennomsnittet i forhold til vind- og småkraftprosjekter som har endelig konsesjon. I vedtaket har NVE lagt vekt på at Tokheimselva kraftverk vil være et bidrag til fornybar energiproduksjon med begrensede negative konsekvenser for private og allmenne interesser gitt avbøtende tiltak. Tiltaket vil føre til redusert vannføring som vil være negativt for tre små fossesprøytsoner med lokalt viktig verdi. Redusert vannføring i Tokheimselva vil også være negativt for landskap siden elva er godt synlig i et større landskapsrom ut mot Sørfjorden og Odda. De planlagte tekniske inngrepene, hovedsakelig fra nedgravd rørgate, vil kunne bli godt synlig i det samme landskapsrommet. Øvre halvdel av rørgata vil gå i terreng som er bratt, har begrenset med løsmasser, og vil etter NVEs vurdering kunne medføre et irreversibelt landskapsinngrep. NVE mener at med tilstrekkelig minstevannføring og øvre del av vannvei i tunnel, vil tiltakets virkninger for landskap- og landskapsopplevelsen bli en del lavere. Innsynet til elva fra turstien langs sørsiden av elva er begrenset til noen få punkter. Elvestrekningen ovenfor planlagt inntak har etter vår vurdering mye større verdi for friluftsliv og turstien enn berørt strekning. NVE vektlegger at fossene med størst inntryksstyrke i Tokheimselva ikke blir berørt av planlagt utbygging, og at vannføringen i elva allerede er påvirket ved reguleringen av Blåvatnet. Småkraftverket får høyere vinterproduksjon og bedre ressursutnyttelse enn det ellers ville hatt på grunn av den eksisterende reguleringen. NVE mener utbygging av Tokheimselva kraftverk vil øke den samlede belastningen for fosser, landskapselementer og urørt vassdragsnatur i Sørfjorden. Vi vektlegger imidlertid at elvene og fossene med størst verdi er urørt, og at Tokheimselva kraftverk i småkraftsammenheng gir en vesentlig mengde fornybar og regulerbar kraftproduksjon".

NVE har satt som vilkår at det skal bli slept minstevassføring på 150 l/s i perioden 1.5-31.5 og 1.9-30.9, 300 l/s i perioden 1.6-31.8 og 20 l/s resten av året. Kraftverket vil med det ha ein årleg produksjon på om lag 25,7 GWh.

3. Klagen

Bergen og Hordaland Turlag klager på NVE sitt løyve til bygging av Tokheimselva kraftverk. Klagar meiner at ulempene er større enn fordelane. Etter klagar sitt syn tilsei omsynet til friluftslivsverdiar, reiseliv, fossefjordlandskap, kulturhistoriske verdiar og samla belastning at det ikkje burde bli gitt løyve. Klagen kan summerast slik:

- Tokheimselva inngår i "Kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse", jf. Riksantikvaren sitt prosjekt for kartlegging av verdifulle kulturlandskap i samband med den europeiske landskapskonvensjonen. Dette er ikkje drøfta av NVE.
- Klagar meiner at NVE sin vurdering av naturmangfaldlova § 4 er mangelfull.
- Klagar syner til at stien opp langs Tokheimselva er rekna som eit "Svært viktig" regionalt friluftslivsområde. Etter klagar sitt syn undervurderer NVE verknadane for friluftsliv.
- Klagar saknar at NVE drøftar naturmangfaldlova § 49 og om vedtaket om å gje løyve til Tokheimselva kraftverk er eigna til å verke inn på verneverdiane i Buer landskapsvernområde.
- Klagar syner til at både Odda kommune og Hordaland fylkeskommune rår frå prosjektet.
- Klagar meiner at NVE sine vurderingar av samla belastning er mangelfulle.
- Klagar meiner at NVE ikkje har lagt tilstrekkeleg vekt på Tokheimselva som synleg og karaktergjevande i fossefjordlandskapet.
- Klagar syner til at Sørfjorden i fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland har fått stor verdi for tema reiseliv. Etter klagar sitt syn har ikkje NVE vurdert det i tilstrekkeleg grad.

4. Departementet sine merknadar

Løyve til Tokheimselva kraftverk kan bli gitt om "fordelene ved tiltaket overstiger skader og ulemper for allmenne og private interesser", jf. vassressurslova § 25 fyrste ledd.

Departementet vil drøfte dei merknadane frå klagaren som er naudsynt for å grunnngje avgjerda. Departementet kan òg ta omsyn til tilhøve som ikkje er tatt opp av klagaren.

Prissette verknadar

Departementet meiner den viktigaste samfunnsnytta med Tokheimselva kraftverk vil vere produksjonen av om lag 25,7 GWh fornybar energi.

Tiltaket kan ha positive verknadar for lokalt og regionalt næringsliv og sysselsetting under anleggsperioden. Vidare kan utbygginga bidra til inntekter til Småkraft AS, grunneigarar og Odda kommune.

Byggekostnadane for Tokheimselva kraftverk er av søkjar berekna til 78 mill. kr. Dette gir ein spesifikk utbyggingskostnad på 3,04 kr/kWh.

Prosjektet si inntektsside, representert ved noverdien av prosjektet, inngår som eit element i departementet si samla vurdering av prosjektet sine fordelar og ulemper. Departementet har gjort ei berekning av noverdien basert på oppgitte investeringskostnadar, typiske driftskostnadar, forventa produksjon og elsertifikatpris, og eit utfallsrom for kraftprisen slik det er modellert av NVE i oktober 2018 fram mot 2030 (høg/låg/basis). Gitt føresetnadane for investerings- og driftskostnadar har kraftverket ein klar positiv noverdi når ein legg basisprisbana til NVE til grunn.

Departementet presiserer at usikkerheita i denne fasen normalt er betydeleg når det gjeld faktisk produksjon og kostnader, og at det er stor uvisse knytt til kraftprisutviklinga fram i tid. Dei samla verknadane av tiltaket er ikkje avgrensa til dei som er prissette. I konsesjonsvurderinga vil departementet vurdere miljøverknadane av tiltaket nærare, og ta stilling til om dei er samfunnsøkonomisk lønsame.

Naturmangfald

Føresegnene i naturmangfaldlova § 7 og prinsippa i same lov §§ 8-12 blir lagt til grunn som retningslinjer for vedtak etter vassressurslova. Departementet syner i den samanheng òg til forvaltningsmåla om naturtypar, økosystem og artar i naturmangfaldlova §§ 4 og 5. Kunnskapsgrunnlaget departementet bygger si vurdering på, omfattar mellom anna følgjande:

- Søknad av 8.12.2016 med tilhøyrande rapport om konsekvensar for biologisk mangfald m.m.
- NVE sitt bakgrunn for vedtak av 15.12.2017 (KSK-notat 117/2017).
- Søk i aktuelle databasar, som Miljødirektoratet sin Naturbase.
- Departementet si synfaring av tiltaksområdet 23.10.2018, saman med representantar for Småkraft AS, Fylkesmannen i Hordaland, Klima- og miljødepartementet, Bergen og Hordaland Turlag med fleire.

I tiltaksområdet er det registrert ein førekomst av *rik edelløvskog* av viktig verdi (B-verdi), ein førekomst av *bjørkeskog med høystauder* av lokalt viktig verdi (C-verdi) og tre små *fossesprøytsoner* av lokal verdi (C-verdi). Ingen av naturtypene vil bli direkte råka av tekniske inngrep. Det er ikkje registrert nokon artar på den norske raudlista som er forventa å bli nemneverdig påverka av ei utbygging av Tokheimselva kraftverk. Vassdraget har avgrensa verdi for fisk og akvatisk miljø.

Etter departementet si vurdering vil Tokheimselva kraftverk ha avgrensa og akseptable ulemper for naturmangfald.

Departementet finn at tiltaket er godt nok opplyst ved gjennomførte utgreiingar og høyringar til at vedtak kan bli gjort. Departementet syner til at materialet er forventa å gi den kunnskapen som er naudsynt om utbreiing av naturtypar og artar og den økologiske tilstanden i området. Også verknadane av utbygginga er godt nok opplyst. Etter departementet sin vurdering føreligg det tilstrekkeleg kunnskap om naturmangfald og verknadar på naturmangfald. Føre-var-prinsippet blir ikkje tatt i bruk.

Prinsippet om økosystemtilnærming og samla belastning inneber at ein må ha kunnskap òg om andre tiltak og påverknader på økosystemet slik at ein kan identifisere den samla belastninga. Den samla belastninga på naturmangfald, landskap og andre interesser skal vere ein del av konsesjonsvurderinga. NVE har i KSK-notat 117/2017 drøfta omsynet til samla belastning. Departementet finn at ei utbygging av Tokheimselva kraftverk vil ha akseptabel og avgrensa verknad på den samla belastninga for naturmangfald i vassdraget og i regionen.

Når det gjeld prinsippet om at tiltakshavar skal dekke kostnadane ved å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet som tiltaket fører til, syner departementet til at det i løyvet er sett vilkår om naturforvaltning mv. som sørgjer for at dette er ivareteke.

Departementet har tatt utgangspunkt i driftsmetodar, teknikkar og lokalisering som ut frå ei samla vurdering og avveging av tidlegere, noverande og framtidig bruk gir dei beste samfunnsmessige resultat.

Landskap, reiseliv og friluftsliv

Området har verdiar for landskap, kulturmiljø, friluftsliv og reiseliv. Tokheimselva er eit markert landskapselement i indre delar av Sør fjorden. Sør for vassdraget er det tilrettelagt med ein tursti kalla Turistveien, som går opp på høgjellet og inn på Folgefonna til Holmaskjerbu. Det er i innkomne fråsegner lagt stor vekt på omsynet til landskap, friluftsliv, reiseliv og samla belastning.

NVE handsama søknaden om Tokheimselva kraftverk saman med søknadene om Øvre- og Nedre Seljestadelva kraftverk. NVE har tidlegare handsama "småkraftpakke Sør fjorden" med ti søknadar om små vasskraftverk i Odda kommune og Ullensvang herad. Som del av handsaminga utarbeida Miljøfaglig Utredning ein samler rapport for landskap, friluftsliv og reiseliv. I rapporten og NVE si vurdering er det vurdert at Tokheimsvassdraget saman med Eitrheimsvassdraget, Ædnafossen, Skyrfossen, Digraneselvi og Dettefossen utgjer ein viktig del av fosselandskapet i den indre delen av Sør fjorden.

NVE meiner at Tokheimselva er eit markert og viktig landskapselement i eit fjordlandskap av stor verdi, men at vassdraget har størst verdi for landskap og opplevingsverdi ovanfor planlagt inntak. NVE meiner at inngrepa i liten grad vil påverke turstien opp Tokheimslia. NVE syner til at stien i stor grad går i skogen, og opplevinga av vassdraget er avgrensa, men at det er nokon punkt med utsikt til elva. Strekninga mellom inntak og kraftstasjon vil få redusert landskapsverdi som følgje av redusert vassføring. Etablering av røyrgate, inntak m.m. vil gi tekniske inngrep. NVE vektlegg at vassdraget allereie er sterkt påverka i form av reguleringa av Blåvatnet og Boliden si nytting av vatnet.

Departementet finn at Tokheimselva har verdiar for landskap og friluftsliv i eit område som elles er til dels sterkt påverka av kraftutbyggingar. Korleis Tokheimselva kraftverk vil påverke landskapet i indre del av Sør fjorden har vore sentralt i konsesjonshandsaminga.

Etter departementet sitt syn vil Tokheimselva kraftverk ha negative verknadar for landskap, friluftsliv med meir som følgje av tekniske inngrep og redusert minstevassføring. Tiltaket vil bidra til å redusera opplevingsverdien noko for dei som ferdast opp langs vassdraget. Tiltaket vil òg vere synleg i eit større landskapsrom i Sør fjorden. Samstundes vil delane av Tokheimselva som har størst landskapsverdi ikkje bli påverka. Departementet sluttar seg til NVE si vurdering om at Tokheimselva kraftverk med vassveg i tunnel i øvre del, fastsette

vilkår om slepp av minstevassføring og god landskapstilpassing av inntak og kraftstasjon, vil ha akseptable ulemper for landskap, reiseliv og friluftsliv.

Omsynet til Buer landskapsvernområde

Inntaket for Tokheimselva kraftverk vil ligge like nedanfor Buer Landskapsvernområde. Bergen og Hordaland Turlag saknar ei vurdering av om Tokheimselva kraftverk er eigna til å verke inn på verneverdiane i Buer landskapsvernområde og tilhøvet til naturmangfaldlova § 49.

I naturmangfaldlova § 49 står det at: *"Kan virksamhet som trenger tillatelse etter annen lov, innvirke på verneverdiene i et verneområde, skal hensynet til disse verneverdiene tillegges vekt ved avgjørelsen av om tillatelse bør gis, og ved fastsetting av vilkår".* I Ot.prp. nr. 52 (2008-2009) *Om lov om forvaltning av naturens mangfold* er det gitt følgjande avgrensning: *"Bestemmelsen gjelder kun for tiltak som skjer utenfor verneområdet, men som kan ha negativ effekt på verneverdiene innenfor området, for eksempel gjennom forurensning, endring i vannstand, drenering eller ved retningsendring av vassdrag. Bestemmelsen kommer ikke til anvendelse på mulige effekter av tiltaket på naturverdier utenfor verneområdet".*

Departementet syner til at det ikkje er planlagt endringar i reguleringa av Blåvatn. Tokheimselva kraftverk vil bli etablert nedanfor landskapsvernområdet og vil ikkje påverke verneverdiane innan verneområdet som følgje av forureining, endring i vassføring eller liknande. Etter departementet sitt syn er det klart at kraftverket ikkje er omfatta av føresegna i naturmangfaldlova § 49.

Andre tilhøve

For ei nærare vurdering av tiltaket sine konsekvensar for naturmangfald, landskap, kulturminne mv., syner departementet til NVE sitt bakgrunn for vedtak (KSK-notat 117/2017). Departementet syner òg til NVE sine merknader i oversendingsbrev av 29.6.2018. Departementet sluttar seg til NVE sine konklusjonar.

Tilhøvet til vassforskrifta

Etter vassforskrifta § 12 kan nye fysiske inngrep bli gjennomført i ein vassførekomst sjølv om miljøtilstanden blir svekka om:

"...

- *alle praktisk gjennomførbare tiltak settes inn for å begrense negativ utvikling i tilstanden for vannforekomsten,*
- *samfunnsnyttan av de nye inngrepene eller aktivitetene er større enn tapet av miljøkvalitet og*
- *formålet med de nye inngrepene kan ikke med rimelighet oppnås kostnadseffektivt på andre miljømessig bedre måter.*

Etter departementet sitt syn viser vurderingar av tiltaka i lys av prinsippa i naturmangfaldlova at kraftverket har akseptable konsekvensar for vassmiljøet. Det er vidare fastsett pålegg om

tiltak for å redusere verknadane. Føremålet med utbygginga er å auke produksjonen av fornybar elektrisitet. Kraftverket vil òg gi inntekter til grunneigarar og kraftutbyggar. Departementet finn at fordelane utbygginga gir ikkje kunne vore oppnådd så kostnads-effektivt på andre måtar miljømessig sett. Departementet vurderer vilkåra i vassforskrifta § 12 som oppfylte med dei avbøtande tiltaka og med dei minstevassføringane som er fastsett.

Oppsummering

Tokheimselva kraftverk kan i tråd med NVE sitt vedtak bidra med om lag 25,7 GWh fornybar energi. Tiltaket kan gi positive ringverknadar lokalt og varige inntekter til søkjar, grunneigarar og Odda kommune.

Departementet meiner at dei største ulempene ved Tokheimselva kraftverk er knytt til landskapsverknadar som følgje av tekniske inngrep og redusert vassføring i Tokheimselva. Kraftverket vil bidra til å auke den samla belastninga på vassdragsnatur i Sørfjorden. Samstundes vil dei delane av vassdraget som har størst verdi for landskap og opplevingsverdi ikkje bli påverka. Departementet finn at Tokheimselva kraftverk med vassveg i tunnel i øvre del, fastsette vilkår om slepp av minstevassføring og god landskapstilpassing av inntak og kraftstasjon, vil ha akseptable ulemper for landskap, friluftsliv og andre interesser.

Etter ei samla vurdering finn departementet at fordelene og nytta ved Tokheimselva kraftverk er større enn skadane og ulempene for allmenne og private interesser. Vilåret for løyve er såleis oppfylt, jf. vassressurslova § 25.

5. Departementets vedtak

Klagen frå Bergen og Hordaland Turlag blir ikkje tatt til følgje. NVE sitt vedtak av 15.12.2017 blir halde ved lag.

Dette vedtaket kan ikkje påklagast, jf. forvaltningslova § 28, tredje ledd fyrste punktum.

Med helsing

Lars Christian Sæther (e.f.)
avdelingsdirektør

Vegard Hotvedt Strømsvåg
seniorrådgjevar

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar

Kopi
Fylkesmannen i Hordaland
Norges vassdrags- og energidirektorat
Odda kommune
Småkraft AS